

Tale Kongeparet

Deres Majesteter. Det er ikkje ofte me må Google korleis me skal helse riktig, for det er ikkje ofte me som to heilt vanlege ungdomar, i ein heilt vanleg kommune får i oppdrag å holde tale til kongeparet. Sjølv har eg fått helst på kongen fleire titals gonger då eg var i forsvaret, faktisk kvar gong eg gjekk inn i messa helste eg til kongen. Eg burde eigentleg helst til dronninga òg, men ho var der ikkje saman med kongen akkurat då, uansett. Eg ga eit tydeleg nikk til kongen, og kongen såg meg stolt inn i auga før eg fortsette turen vidare til nærmaste tallerken. Eg forstår godt at kongen ikkje hugsar dette, det var jo trass alt berre eit bilete eg helste til. Kvar dag helser ungdom frå hele landet til kongen; me er stolte av kongen vår, og me håpar kongen er stolt av oss.

Men ungdom er ikkje berre soldatar; ungdom er også helsearbeidarar, lastebilsjåførar, vektarar, kokkar og studentar for å nemne noko.

Her, blant bratte fjell, stolte fjordar og kvite rundballar veks ungdommen opp. Flesteparten finn du i bygda sin fotball-, speidar eller 4H-klubb. Andre føretrakkjer musikk, kunst, eller kanskje bordtennis.

Ungdommen i Vindafjord er rånerar som fartar rundt i både Volvo og BMW, avløysarar som steller fjøset både morgon og kveld; men også ambisiøse skulegeni som drøymmer om å kunne bli lege eller kanskje advokat. Nokre ungdommar i Vindafjord bekymrar seg over klimakrisa, krig og elendigheit; andre ungdommar bekymrar seg over at dei har for lite pengar til bensin.

Vi har også engasjerte ungdommar som sit i ungdomsrådet, de kom med følgjande uttale: «Ungdomen i Vindafjord er opptatt av mykje forskjellig. Alt frå fotball, festing og fellesskap til miljøvern, helse og utdanning. Ungdomsrådet jobbar for å løfte fram desse sakene, ved å bruke ungdommen si eiga stemme. Me set pris på at kommunen tek oss på alvor, og lyttar til det me har å sei.»

Nei ungdommen i Vindafjord består ikkje av same type ungdom, heller eit stort mangfald av ulik ungdom. Det synest eg er fint, hadde vore kjedeleg om me alle var like; men er det ein ting ungdommen i Vindafjord har til felles, så er det at me er glade for at me bur i nettopp vakre Vindafjord. Velkommen til oss.